



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Fråsegn til regional plan for innovasjon og Næring 2021 - 2033

Den 25.3.2021 vedtok kommunestyret i Sunnfjord kommune følgjande fråsegn til «Regional plan for innovasjon og næring 2021 – 2033».

Fråsegn til regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033

Sunnfjord kommune sluttar seg til innhaldet i framlegg til plan «Berekraftig vediskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2023» og handlingsprogram 2021.

Målsettingane og prinsippa samsvarer godt med våre satsingar.

Sunnfjord kommune har i tillegg følgjande innspel:

Planen sine mål og visjonar:

- Planen sitt fokus på berekraftig bruk av naturressursar samsvarar godt med Sunnfjord kommune sine visjonar.
- Planen sine satsingar på grøn Næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn, areal til næringsutvikling er viktige satsingar som peikar ut ei tydeleg retning.
- Berekraftmålsettinga nummer 17, samarbeid for å nå måla, er ei svært viktig målsetting. Sunnfjord ser difor positivt på planen sin formulering om at vi skal bli verdsmeistrar i samarbeid, noko som også samsvarar med vårt planverk.

Viktige satsingar i planperioden:

- **Landbruk som fornybar ressurs**
Sunnfjord kommune meiner at planen bør syne større ambisjonar for utvikling av landbruket. Ei stor utfordring for landbruket i Vestland er å oppretthalde lønnsemd og samtidig lukkast med verdiskaping.
Klimaendringane gjer at det med tradisjonelle metodar blir meir krevjande å produsere mat regionalt og lokalt. I tillegg står no landbruket overfor store investeringar for å støtte nye krav til dyrevellferd og drift. Mellom anna har Tine sitt storfe prosjekt identifisert eit årleg investeringsbehov til 60 millionar kroner berre i Sunnfjord kommune.
Sunnfjord kommune meiner planen bør peike ut ei satsing og retning for landbruket med tilhøyrande verdikjedar. Vi trur det ligg eit stort unytta potensiale ved ei satsing på smartspesialisering i landbruket.
- **Breiband og mobilnett**
Utbygging av framtidretta breibandnett må framleis vere ei stor satsing i Vestland fylke. Samstundes er det ein utilsikta konsekvens at leveringsplikta for telefoni fell bort. Vi meiner difor

at tida er inne for ei større satsing på utbygging av eit framtidretta mobilnett. Vi bør ha ambisjon om at utbygging av mobilnettet bør kunne komme under finansiering av NCOM, etter lik modell for breibandsutbygging. Utbygging av framtidretta mobilnett er viktig for at distriktnæringar og landbruk kan ta del i smart spesialisering

- **Næringsfond:**

Sunnfjord kommune meiner kommunale næringsfond er eit viktig virkemiddel for å stimulere til næringsutvikling. Kommunestyret ber om at ordninga må tilbakeførast til kommunane og tilførast meir midlar.

- **Behov for kommunal næringsplan:**

Vestland fylkeskommune signaliserer ein ambisjon om at regional plan også skal vere gyldig for kommunane, og at kommunane berre treng vedta eigne handlingsplanar. Vi meiner at det er ein ambisiøs og viktig ambisjon. Sunnfjord kommune meiner det vil vere ein stor fordel om kommunalt og fylkeskommunalt planverk føl dei same grunnprinsipp. I Sunnfjord kommune har vi ein mangfaldig næringsstruktur, fleire større utviklingsprosjekt og vi er planmynde. Ei satsing på næringslivet i kommunen er eit eige viktig tema som krev brei involvering frå politikk, næringsliv og virkemiddelapparat. Vi ser difor at vi har behov for å spisse vårt næringsarbeid lokalt, med ein eigen kommunal næringsplan. Samstundes er det heilt naturleg at ein ny kommunal plan for innovasjon og næringsutvikling er bygd på dei same grunnprinsippa som regional plan.

- **Interkommunalt politisk råd (Regionråd):**

Planen bør omtale regionråda sin relevans og posisjon i Vestland fylke. Regionråda er viktige i utvikling av næringspolitikk, næringsretta infrastruktur og for å etablere større næringsmessig samarbeid.

- **Reiseliv:**

I utviklingsplan Vestland vart det peika på at Vestland skulle bli leiande kulturregion i landet. Sunnfjord kommune saknar difor ei større satsing på kulturbasert reise- og næringsliv i planen.

Med helsing

Ørjan Stubhaug
sakshandsamar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.